



Utvalg: Kontrollutvalet
Møtestad: Møterom Onarheim, Rådhuset Tysnes kommune
Dato: 03.05.2018
Tidspunkt: 10:00 – 11:15

Følgjande faste medlemmer møte:

Navn	Funksjon	Representerer
Britt Sørensen Dalsgård	Leiar	AP
Lorentz Lunde	Nestleiar	KRF
Kirsten Gunn Epland	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Magne Ivar Fauskanger	Medlem	FRP
Patrick Russel Madsen	Medlem	AP

Følgjande varamedlemmer møte:

Navn	Møtte for	Representerer
Helge Hauge	Magne Ivar Fauskanger	SP

Merknader

Forfall frå Patrick Russel Madsen var ikkje varsla, så difor var ikkje vararepresentant innkalla

Andre som møte:

Navn	Stilling
Bjarne Ryland	Partner / rekneskapsrevisor Deloitte – i heile møtet
Steinar Dalland	Rådmann – i PS 23/18
Rolf Johan Lunde	Økonomisjef – i PS 23/18
Kari Nygard	Seniorrådgjevar Hordaland fylkeskommune – i heile møtet

Britt Sørensen Dalsgård
utvalsleiar

Kari Marie Nygard
utvalssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
PS 21/18	Godkjenning av innkalling og sakliste		
PS 22/18	Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte		
PS 23/18	Årsrekneskap 2017 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet		2016/73
PS 24/18	Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune		2016/71
PS 25/18	Høringsutkast - kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet		2015/1
PS 26/18	Referatsaker		
RS 8/18	Vedtak i kommunestyret vedr. årsmelding for kontrollutvalet 2017		2016/72
RS 9/18	Tysnes kommune - budsjett 2018 og økonomiplan 2018 - 2021		2016/73
RS 10/18	Innkalling til generalforsamling i Opero		2015/203
PS 27/18	Gjennomgang av møteprotokollar		2015/200
PS 28/18	Eventuelt		

PS 21/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var ikkje merknader til innkalling eller sakliste.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

PS 22/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Det var ingen merknader til protokoll frå møte i kontrollutvalet 03.04.18.

Vedtak:

Møteprotokoll frå kontrollutvalet sitt møte 03.04.18 vart samrøystes godkjent.

PS 23/18 Årsrekneskap 2017 for Tysnes kommune - uttale frå kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2017.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Økonomisjef Rolf Johan Lunde presenterte årsrekneskapen. Han peika på økonomisk utvikling og spesielle moment i rekneskapen for 2017. Kontrollutvalet kom med kommentarar og spørsmål som vart svara på. Partner / rekneskapsrevisor Bjarne Ryland presenterte revisjonsmelding og revisjonsrapport. Rådmann Steinar Dalland var og med under handsaminga av saka og kommenterte kort årsmeldinga.

Forslag til uttale vart kort drøfta, og det kom ikkje forslag til endring av denne. Forslag til vedtak blei samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet vedtek utkast til uttale om Tysnes kommune sin årsrekneskap for 2017.

PS 24/18 Vurdering av om Deloitte er uavhengig i høve til Tysnes kommune

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tar uavhengighetserklæring frå ansvarleg revisor Bjarne Ryland vedr. om Deloitte AS er uavhengig i høve Tysnes kommune, til etterretning.

PS 25/18 Høyringsutkast - kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet i Tysnes kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har slike forslag til endringar i vegleiar:
2. Kontrollutvalet i Tysnes kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Sekretariatet orienterte og kontrollutvalet drøfta utkast til vegleiar. Alternativ 2 i forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet i Tysnes kommune takkar for at FKT har laga eit forslag til vegleiar om «*Hva kan kontrollutvalget forvente av oppgaveutførelse og kompetanse fra sekretariatet*» og har ikkje merknader til innhaldet i denne.

PS 26/18 Referatsaker

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Desse referatsakene vart gjennomgått:

- RS 08/18 – Vedtak i kommunestyret vedr. årsmelding for kontrollutvalet 2017.
Teke til orientering.
- RS 09/18 – Tysnes kommune – budsjett 2018 og økonomiplan 2018 – 2021.
Kort drøfta og kommentert under rekneskapssaka. Teke til orientering
- RS 10/18 – Innkalling til generalforsamling i Opero.
Teke til orientering.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek referatsakene til orientering.

PS 27/18 Gjennomgang av møteprotokollar

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

Aktuelle protokollar blei gjennomgått. I kommunestyremøte 10.04.18 var saker om «Rullering av etiske retningslinjer for Tysnes kommune» og «Rullering av retningslinjer for intern varsling av kritikkverdige tilhøve» oppe til handsaming. Kontrollutvalet ønskte at desse retningslinjene vert lagt fram som referatsak på neste møte. Enkelte saker vart ellers kommentert, men det var ingen saker ein ville be om meir informasjon om på noverande tidspunkt. Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kontrollutvalet tek møteprotokollane til orientering.

PS 28/18 Eventuelt

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 03.05.2018

Handsaming i møtet:

- Løypemelding vedr. arbeid med forvaltningsrevisjon av helsestasjons- og skulehelseteneste. Deloitte melder at dei er i ferd med å hente inn dokumentasjon frå kommunen. Det har vore litt forseinkingar med å få oversendt det ein har bedt om, og ein ligg omlag ei veke etter oppsett plan.
- Det vil bli gjennomført kurs med tema «Samfunnsansvar og antikorrupsjon» i regi av Deloitte, i samband med første møte i kommunestyret til hausten. Når møtedato er fastsett vil det bli sendt ut melding om dette.
- Orienteringssak om arbeid med oppfølging etter forvaltningsrevisjon plan- og byggesak var planlagt å ha i andre kvartal 2018 (på dette møte). Det er avtala med rådmann at dette vert sett på saklista til første møte til hausten.

Vedtak:

Informasjonen under eventuelt vart teke til orientering.